



Karmøy kommune
Postboks 167
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandler
Björg Odland, 51568874

Informasjon til kommunane i Rogaland om tilskot over statsbudsjett 2023, kapittel 761.68 Kompetanse- og tenesteutviklingstilskot

Beløp som skal fordelast i Rogaland:

Det er løyvd 345.400.000 kroner i Statsbudsjett kapittel 761, post 68, Kompetanse og tenesteutvikling. Rogaland har fått 26.961.000 kroner til fordeling.

Føremålet med tilskotsordninga

Føremålet med tilskotsordninga er å bidra til å redusere mangel på personell med relevant fagutdanning i omsorgstenesta, og legge til rette for ei berekraftige omsorgsteneste. Tilskotet er eit sentralt verkemiddel for gjennomføring av Kompetanseløft 2025 og Opptappingsplan for heiltid og god bemanning i omsorgstenesta.

Kven kan søkje:

Kommunar, fylkeskommunar, interkommunale selskap, universitet og høgskular kan søkje om tilskotsmidlar til kompetansehevande tiltak, opplæring knytt til brukarstyrt personleg assistanse (BPA) og tenesteutvikling.

Kommunar kan søkje i samarbeid med andre kommunar, helseføretak, næringsliv, utdannings- og forskingsinstitusjonar, frivillig sektor og andre aktørar.

Søknadsfrist er sett til **15. mars 2023**.

Søknad skal sendast til sfropost@statsforvalteren.no

Tilskotet er lagt ut på nettsida til Statsforvaltaren i Rogaland. Der ligg også regelverket og søknadsskjema. Det er lagt inn rettleiing for utfylling av søknad i skjemaet.

Korleis søkje:

Alle som søker om tilskot skal bruke søknadsskjema som de finn på nettsida til Statsforvaltaren i Rogaland under «Tilskot».



Regelverk for tilskotsordninga

Regelverket er revidert og vart godkjent av HOD den 09.01. 2023. I revidert regelverk er «helse- og omsorgstenesta» erstatta med «omsorgstenesta». Dette er ei innsnevring og har samanheng med tilpassing til ordninga Opptrappingsplan for heiltid og god bemanning.

Prioriteringar:

Grunnutdanning innan helsefag og vidareutdanning av sjukepleiarar og andre høgskuleutdanna, vert prioritert. Tilskot til etterutdanning vert avgrensa primært til statlege satsingar som ABC-opplæring.

Jamfør regelverket kan for kompetansetiltak innan psykisk helse og rus også tilsette i andre kommunale og fylkeskommunale etatar vera målgruppe.

Tilskot til opplæring til brukarstyrt personelg assistanse skal prioriterast til dei som ikkje har gjennomgått opplæring tidlegare.

Når det gjeld tenesteutviklingstiltak så oppgjer regelverk ikkje tema som skal prioriterast, men det er behov for ei kategorisering og ulike team er sett inn i søknadsskjema.

Rapportering for tilskot motteke i 2022

Kommunane skal rapportere til statsforvaltaren i Rogaland innan **15. mars 2023** for midlar som vart tildelt i 2022. Delvis utfylt rapporteringsskjema i excel-format vart sendt ut som vedlegg til tilsegnsbrev. Dette skal fyllast ut og returnerast. Det skal også sendast ein skriftleg rapport som viser tilskotsmottakar si vurdering om, og korleis gjennomføring av tiltak har bidratt til at mål om å utvikle berekraftige helse- og omsorgsteneste er nådd. Skjema som skal nyttast til skriftleg rapport vil verta sendt til tilskotsmottakar.

Overføring av ubrukte middel for 2023

Hovudregel er at ubrukte middel kan søkjast overført eitt år, altså frå 2022 til 2023. Ubrukte middel som ikkje er søkt overført, skal betalast tilbake til statskassa.

Revisorkontroll (vilkår for tilskotet)

Rekneskap skal reviderast av registrert revisor, statsautorisert revisor eller oppdragsansvarleg kommunerevisor (jfr. § 11 i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar) i samsvar med Den norske revisorforeninga sin standard ISA 805 «Særlige hensyn ved revisjon av enkeltstående regnskapsoppstillingar og spesifikke elementer, kontoer eller poster i en regnskapsoppstilling».



Tilskotsmottakar må gje revisor ein kopi av tilskotsbrevet før revisorkontroll. Dersom innvilga tilskot er høgare enn 200.000 kroner per år, men forbruket er mindre enn 200.000 kroner per år, kan revisorstadfesting verta levert for to år om gongen.

Det er berre krav om revisorstadfesting for tilskotsløp over 200.000 kroner.

Med hilsen

Rigmor Kvía de Waard (e.f.)
ass. direktør

Kristine Norland
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent

Adresseliste:

Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger